
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 28. juni 2016 09:06
Til: postmottak SD
Emne: Nytt høringssvar til 16/485 - Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029

Referanse: 16/485
Høring: Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029
Levert: 28.06.2016 09:05
Svarstype: Med merknader
Kontakt avsender: Bømlo kommune
Kontaktperson: Geir E. Aga
Kontakt-e-post: geir.aga@bomlo.kommune.no
Tittel: Høringsuttale frå Bømlo kommune - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan

Uttalelse:

HØYRINGSUTTALE FRÅ BØMLO KOMMUNE –

GRUNNLAGSDOKUMENT NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018- 2029

Forutan realisering av fiskerihamn vil utbygging av E 39 langs kysten og aust-vestsambandet E 134 ha høg prioritet for Bømlo kommune. I tillegg vil kommunen kome med nokre generelle innspel som går på kollektivtilbod m.m.

FISKERIHAMN HOVLANDSHAGEN – LANGEVÅG

Rapporten som Kystverket har fått utarbeidd frå Vista analyse gir eit godt bilete av det potensiale ei fiskerihamn i Hovlandshagen på Langevåg har, både med omsyn til å vidareutvikle fiskenæringa, gi grunnlag annan næring som igjen gir grunnlag for å sikre og vidareutvikle arbeidsplassar.

Rapporten er nøktern og den samfunnsøkonomiske nytten er derfor nøkternt vurdert. Aktørane ser rom for ny aktivitet som ikkje kjem godt nok fram i rapporten. Dette har samband med at vår del av landet har sterk trong for omstilling etter at oljenæringa er redusert. Dette skapar grunderaktivitet. Det høyrer også med eit skipsverkstaden på staden nyleg har fått over 11 millionar frå Enova for å få etablert anlegg for landstraum. Dette gir bieffekter for heile

fiskerihamna. **Dermed ligg det til endå betre til rette for at ei ny fiskerihamn kan tilby landstraum og dermed vere eit viktig bidrag til det «grøne skiftet».**

Haugesundsregionen inklusiv Bømlo har i dag 385 fiskarar med fiske som hovedyrke. Av desse kjem 151 frå Bømlo. Bømlo har 116 fiskeefartøy kor 6 høyrer til havfiskeflåten. Ein fiskar vårgytande sild, nordsjøsild, makrell, lodde, vassild, brisling, kolmule, tobis, øyepål, sei, torsk, breiflabb og reker langs heile norskekysten, ved Island og i EU-sona, melom anna i Atlanterhavet.

Havfiskeflåten i vår kommune har t.d. 30 % av kvotegrunnlaget i Noreg for pelagisk konsumfiskeri.

Ei fiskerihamn vil vere gunstig fo å oppretthalde og utvikle havbruksnæringa og vil vere godt geografisk plassert i forhold til andre delar av vestlandet. Lokasjonen har gode genrelle hamnekkvalitetar. Dei planmessige tilhøva, tidevann, grunn og eigedomstilhøve, innsegling og den naturlege topografien ligg godt til rette for hamneutbygging.

Bømlo Skipsservice har som nemnd over no fått stadfesta at dei får 11,25 mill frå Enova til satsing på landstraum. Det var sterk konkurranse om desse midlane, og i vurderinga til Enova er det lagt vekt på brukspotensial. Prosjektet på Bømlo er prioritert fordi det er kostnadseffektivt. Dette prosjektet har stor overføringsverdi når det gjeld realisering av fiskerihamna og ei nytt moment etter at forskningsrapporten frå Vista vart avslutta.

Bømlo treng omstilling. Vi har eit godt grunnlag for sikre omstilling gjennom auka aktivitet i maritime næringar generelt. Ei realisering av fiskerihamn på Bømlo vil vere eit sterkt bidrag både til å sikre dagens aktivitet, men også til å vidareutvikle næringa. **Vi ber derfor om at fiskerihamn i Hovlandshagen – Langevåg vert prioritert i NTP 2018 – 2029 ved at prosjektet blir flytta fram i planperioden uavhengig også ved låg råme.**

E 39 KYSTSTAMVEGEN (KORRIDOR 4)

Realisering av ein ferjefri kyststamveg – E 39 – er viktig for Bømlo. Det knyter oss sterkare til regionhovudstaden og Bømlo vert ein del av ein sterkare region. Bømlo kommune vil peike på den store samfunnsnyttan som ligg i utbygging av ferjefri E39.

I «Utviklingsstrategien for ferjefri og utbetra E 39» er det lagt opp til at bygging av strekninga Våg – Heiane skal skje i 2029- 2033, Heiane – Ådland i 2021- 2023 og Ådland – Svegatjørn i 2021- 2027 (bru over Bjørnefjorden). Ambisjonane i grunnlagsdokumentet som ligg føre er ikkje like store. Bømlo kommune ber om at «Utviklingsstrategien for ferjefri E 39» vert lagt til grunn også når det gjeld framdrift.

Bømlo kommune vil spesielt peike på at det er viktig for kommunen at E39 også i framtida har tilknytning på Føyno.

E 134 HAUKELIVEGEN (KORRIDOR 5)

Det er viktig at denne korridoren aust-vest, som i SVV sitt analyseresultat har størst nytteverdi av stamvegane aust-vest blir prioritert høgare i den endelege planen.

Det spesielt viktig at delstrekningar av E 134 i Hordaland får høgare prioritet, og kommunen vil spesielt trekke fram strekninga Bakka- Solheim i Etne og Vindafjord. Her har ein kome langt i planarbeidet og ei realisering av dette prosjektet kan gjennomførast tidleg i planperioden. Dette er ikkje nemnd når det gjeld løyving. Det er uakseptabelt.

Bømlo kommune er elles oppteken av dette blir ein sikker heilårsveg, slika t delstreknignane Seljestad-Røldal og Røldal – Vågsli må ha hør prioritet.

Det bør gjennomførast ein KVV for arm til Bergen frå Fjæra via Kvinnherad til Tysnes (Sunnhordlandsdiagonalen). Det blir har mange føremoner både regionalpolitiske og nasjonale. Det knyter nord-sør og aust- vest korridorane saman på ein effektiv måte, men i tillegg gir det gode regionale effekter ved at den nest største kommunen i Sunnhordland vert knyta saman med resten av regionen med fast veg.

GENERELLE PRIORITERIGNAR I PLANEN

- Sikre brukartilpassa kollektivtilbod i distriktet. (Sterkt ønskje frå barn og unge.)
- Reint generelt må rammetilskota til kollektivtransport auka, ikkje minst gjeld dette for båt- og ferjeruter. Ei oppgradering av materiellet, mellom anna for å bidra til det «grøne skiftet», krev høgare overføringar til fylkeskommunane langs kysten.
- Etablering av eit nasjonalt program for vedlikehaldetterslep på vegane. Eit slikt program bør også omfatte kommunale vegar og kan vere eit grunnlag for å få på plass indikatorar på kommunane sitt behov, slik vi har bedt om i samband med revidering av inntektssystemet.
- Samfunnsøkonomisk nytte er lagt til grunn for mange av prioriteringane. Næringslivet sine behov og minstestandardar må også vurderast når ein gjer prioriteringar i NTP.
- Auka rammetilskotet til fiskerihamner
- Auka rammene og gjerne betre tilskotsordningane for effektive og miljømessige hamner

Vedteke i bømlo kommunestyre 20. juni 2016 – PS 65/16

Bømlo kommune

20.06 2016

Vedlegg: -